

AVTALEVILKÅR MELLOM KUNDE OG FJELBERG KRAFTLAG SA

Gjeldande frå 01.01.2016

Kontrakts vilkår mellom kunde og Fjelberg Kraftlag SA for levering av elektrisk kraft frå og med 1.1.2016 Generelt gjeld vilkåra gitt i EBL sine standardvilkår for kraftleveringskontrakt. Ved usemje mellom dei generelle bransjevilkåra og dei spesielle vilkåra som følgjer av denne kontrakt, går sistnemnde føre.

Marknadspris:

Kraftprisen blir fastsett kvar månad i samsvar med vår innkjøpspris pluss påslag, som fortida er 6,1 øre/kWh. Innkjøpsprisen vil variera i forhold til forbruksvegd snittpris av Nord Pool sin områdepris pr. månad med tillegg for andre direkte varekjøpskostnader. Påslaget er inkludert kostnaden med elsertifikat på 2,1 øre/ kWh

For kraftproduktet gjeld følgjande:

1. Dersom kunden ved utløp av eksisterande avtale blir ståande utan ny avtale, vil kunden automatisk bli overført til marknadspris + påslag.
2. Me tek atterhald om endringar i prisen som følgje av endringar i dagens offentlege avgifter eller nye pålegg som blir innført, eller endringar i øvrige rammevilkår for drift av kraftverksemda.
3. Ved flytting kan kraftavtalen følgja kunden. Dette føreset at kunden flyttar innanfor våre leveringsområde og at kunden i god tid (min 2 veker før) gir melding til Fjelberg Kraftlag om opplysningar på ny stad.
4. Me held oss retten til å gjennomføra kredittsjekk på våre kundar og eventuelt avvisa/ sei opp eksisterande avtalar på bakgrunn av denne. Me har ikkje økonomisk eller juridisk ansvar dersom ein kunde bestiller straum frå oss og bryter ein bindande avtale med ein annan kraftleverandør.
5. Ved kontraktinngåing gjelder 14 dagars angrerett etter lov 21.12.2001 nr. 105. Kunden vert fakturert for medgått forbruk i angreretsperioden.
6. Preiselementa kan justerast ved tilsendt informasjon eller årleg i samsvar til endring i konsumprisindeksen siste 12 månadar.

7. Faktura sendes kvar måned til hushalds-, hytte-, industri- og byggjestråmskundar. Fakturaen inneheld nødvendig spesifikaasjon ihht gjeldande regelverk. Betalingsvilkår er 14 dagar.

8. Nettleige til ditt lokale nettselskap kjem i tillegg.

* For ikkje timesmålte anlegg vil innkjøpsprisen variera i forhold til ein forbruksveid snittpris av Nord Pool sin områdepris pr. måned med tillegg for andre direkte varekjøpskostnadar. For timesmålte anlegg blir avrekninga gjennomført med timesoppløysing.